



Pressemelding 1. november 2020

Stenger to avdelingar i Seim barnehage

To tilsette i Seim barnehage har fått påvist korona. Barn og tilsette frå to avdelingar må halde seg heime heile neste veke.

Seim barnehage er ein privat barnehage med fire avdelingar. Det er dei to småbarnsavdelingane i barnehagen som no blir stengde.

– Dei tilsette som har fått korona jobbar på same avdeling, men avdelinga har felles stellerom og samarbeid med den andre småbarnsavdelinga ved behov. Difor stenger vi begge avdelingane, fortel styrar Janka Vie Seljeseth.

Avdelingane blir stengde ei heil veke, til og med fredag 6. november.

Ukjend smitteveg

Koronasenteret til Alver kommune jobbar med å kartleggje nærkontaktane til dei tilsette. Dei veit førebels ikkje kor smitten kjem frå.

Nye retningslinjer frå Folkehelseinstituttet gjer at det berre er dei vaksne nærkontaktane som blir testa for koronavirus. Nærkontaktar under ungdomsskulealder skal ikkje testast, så lenge dei er friske og utan symptom.

– Eg har ringt foreldra til alle barna som blir definert som nærkontaktar. I tillegg har eg sendt informasjonsskriv til alle foreldra i barnehagen. Ho oppmodar foreldra om å følgje med og ta kontakt med lege om barna blir sjuke, fortel Seljeseth.

Glad for smittevernrutinane

Ein nærkontakt er ein som har vore tett på nokon som har fått påvist koronavirus. Tilsette og andre barn i barnehagen som ikkje har vore tett på dei tilsette treng ikkje å vere i karantene. Søsken og foreldre som bur med nærkontaktar er heller ikkje i karantene.

– Vi har jobba grundig med smittevern i barnehagen. Dette gjer at vi ikkje må stenge alle avdelingane no. Det gjer også at ingen foreldre blir definert som nærkontaktar, fortel Seljeseth.

Barnehagen har mellom anna klare reglar for korleis hente- og bringesituasjonen skal gjennomførast. Retningslinjene er at berre to foreldre skal vere i garderoben om



gongen, halde avstand og vere raske. Barna blir levert i døra inn til avdelingane, der dei tilsette tar imot dei.

– Eg er glad vi har jobba så grundig med dette, seier styrar.

Kontaktpersonar

- Janka Vie Seljeseth, styrar i Seim barnehage
Mobil: 951 87 094